



Navar Takst og Eiendom AS
Grønland 1
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2179 - 19/28451

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

23.09.2019

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 185/212

Tiltak: Endringssøknad
Byggjestad: Gbnr: 185/212
Tiltakshavar: Tommy Szajnfeld
Ansvarleg søkjar: Navar Takst og Eiendom AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.09.2019.

Tiltaket har ved fleire høve fått ei anna utforming enn det som er skissert og godkjent. For å få saka tilstrekkeleg opplyst ser vi oss nøydd til å be om ytterlegare informasjon i saka.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Oppdaterte fasadeteikningar. Vi ber om at det sendast inn fasadeteikningar der takvinkel, målsettingar, utstikk og plassering av vinduer (tak og vegg) kjem klart og tydeleg fram.
2. Oppdatert situasjonsplan med målsetting på tiltaket.
3. Utfyllande informasjon om nabovarsling. Etter kva vi forstår er det berre ein nabo som er varsla om den siste endringa. Dersom du ikkje meiner at endringa krev full nabovarsling må du be om fritak for varsling av øvrige naboar. Det går ikkje klart fram av endringssøknaden om nabo med gbnr 185/180 samtykker til denne siste endringa. I kvitteringa er det signert for «samtykker til tiltaket», men av følgjebrev og motteken melding 21.07.19 får vi inntrykk av at ein protesterer på endringa. Dersom nabo samtykker, ber vi om stadfesting på det. Dersom nabo klagar ber vi om at merknader vert stadfesta på nytt og at søkar gjev sin kommentar til merknadene. Vi legg til grunn at nabo vert orientert med oppdaterte teikningar og situasjonsplan.

Kommunen ber om at tilleggskontroll informasjon vert sendt inn samla innan 01.11.19 . Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Aud Jensen	Litlevika 28	5914	ISDALSTØ
Lene Birgitte H. Jensen			
Tommy Szajnfeld	Litlevika 30	5914	ISDALSTØ

Mottakarar:

Navar Takst og Eiendom AS	Grønland 1	5918	FREKHAUG
---------------------------	------------	------	----------